



KONKURRANSE  
TILSYNET

Norwegian Competition Authority

2020/2021






Foto: Marit Hommedal

## PÅDRIVAR OG HANDHEVAR

Konkurransetilsynet sin visjon er å sikre marknader som fungerer godt, til fordel for forbrukarar og næringsliv. Konkurransen er eit verkemiddel for å oppnå dette.

Handheving av konkurranselover er Konkurransetilsynet si hovudoppgåve, og ein viktig del av konkurransepolitikken i Noreg. God handheving gir grunnlag for sunn konkurranse som igjen fører til auka innovasjon, lågare prisar, betre kvalitet og tilbod.

Den andre hovudoppgåva til tilsynet er å vere ein pådrivar for konkurranse i marknader som gir gevinstar for forbrukarane. Vi er opptekne av å endre reguleringar som hemmar innovasjon og dette gjer vi blant anna gjennom å leggje til rette for betre digitale løysingar.

Ei undersøking viser at 85 prosent av norske bedrift sleiarar meiner at tilsynet sitt arbeid er viktig for å leggje til rette for marknader som fungerer godt. Vi skal halde fram vårt aktive arbeid med å både handheve konkurransereglane og å vere pådrivar for å utvide konkurransearenaen. Vi vil leggje til rette for god konkurranse til fordel for forbrukarar, næringsliv og samfunnet elles gjennom høyringar, påpeikingar, fusjonskontroll, kamp mot kartell og misbruk av dominans. Ved å ha ei tydeleg stemme i samfunnsdebatten ønsker vi å gjere ein skilnad.

*Lars Sørgeard*

Lars Sørgeard, konkurransedirektør

### Organisering



## TILSYNET I TAL

**42**

GJENNOMSNIFFS-  
ALDER



**62**

KVINNER



**44**

MENN

**34**

juristar



**47**

økonomar



**11**

doktorgrader



Tips om brot på  
konkurranselova

**379**

**106**

tilsette

Tal for 2020

### Regelmessige samarbeidsflater



FINANSTILSYNET




Norwegian Media Authority

### Internasjonalt samarbeid

Nordiske konkurransetilsyn Europakommisjonen EFTA  
sitt overvakingsorgan  
OECD Competition Committee European Competition  
Network International Competition Network United  
Nations Conference on Trade and Development  
(UNCTAD)

### VISSTE DU AT VI HAR VÅR EIGEN PODCAST?

Høyr alle episodane av Konkurransespodden  
der du lyttar til podcast!






## § 10 saker - Ulovleg samarbeid

Det er forbode å samarbeide på ein slik måte at det avgrensar konkurransen. Døme på typar samarbeid som kan vere forbode er samarbeid om pris, informasjonsutveksling, oppdeling av marknader og avgrensing i produksjon eller sal. Ved brot på forbodet kan Konkurransetilsynet gi føretak lovbrotsgebyr på inntil 10 prosent av føretaket sin omsetnad. Vidare kan personar straffast med bøter eller fengsel. Tilsynet har heile tida fleire store saker om konkurransekriminalitet i i ulike fasar. Her er eit utval:

I 2020 starta Konkurransetilsynet to nye etterforskingssaker relatert til forbodet mot ulovleg samarbeid. Den eine handlar om utveksling av konkurransesensitiv informasjon i ein bransjeforeining, mens den andre saka gjaldt mistanke om ulovleg samarbeid i marknaden for sjøtransport. Den sist nemnde saka vart lagt bort i 2021 sidan Konkurransetilsynet ikkje fann grunnlag for å gå vidare med saka. I 2021 gjennomførte tilsynet bevissikring i eit helserelatert marknad, og starta etterforskning i eit digitalt marknad.

I 2020 ıla Konkurransetilsynet Verisure AS eit gebyr på 766 millionar kroner. Året før godtok Sector Alarm AS eit gebyr på 467,3 millionar kroner for ulovleg samarbeid om sal av bustadalarmar. Verisure AS har klaga vedtaket inn for Konkurranseskilagenemnda. Tilsynet har også varsla milliongebyr i forlagsmarknaden og milliardgebyr i daglegvaremarknaden. Desse sakene er enno under handsaming. Vidare ga Høgsterett Konkurransetilsynet einstemmig fullt medhald i at forlaga Cappelen Damm og Gyldendal braut konkurranselover §10 om ulovleg samarbeid då dei saman med to andre forlag boikotta leveransar til distributøren Interpress.




## § 11 saker - Misbruk av marknadsmakt

Konkurranselova §11 forbyr ein dominerande aktør å utilbørleg utnytte si dominerande stilling. Dersom ein aktør som har ei dominerande stilling i marknaden utilbørleg utnyttar stillinga si for å avgrense konkurransen ytterlegare, kan dette føre til at forbrukarane blir skadelidne gjennom at det vert høgare priser, lågare kvalitet, færre valmoglegheit eller lågare grad av innovasjon.

I 2021 ga Gulating lagmannsrett Konkurransetilsynet medhald i at Telenor har misbrukt sin dominerande stilling i det norske mobilmarknaden. Lagmannsretten konkluderer i avgjerda si med at Telenor ıla hindringar i vegen for utbygginga av eit tredje mobilnett i Noreg, og på den måten avgrensa moglegheit for ein konkurrent i å etablere seg. Lagmannsretten står difor fast på gebyret på 788 millionar som Konkurransetilsynet vedtok i 2018. Telenor har anka saka til Høgsterett.

I 2020 avslutta Konkurransetilsynet ein etterforskingssak knytte til marknaden for sal av øl til serveringsstader etter at føretaket som var mistenkt for misbruk av marknadsmakt kom med såkalla avhjelpande tiltak som skal bøte på problemet med svak konkurranse. Det var første gong Konkurransetilsynet fatta vedtak om å avslutte ein etterforskingssak med avhjelpande tiltak. I nokre saker er både §10 og §11 aktuelle å sjå på. Den nemnde etterforskinga i eit digitalt marknad over gjeld både mogleg ulovleg samarbeid og misbruk av dominans.



## § 16 saker – Fusjonskontroll

Føretak og andre næringsdrivande har plikt til å melde frå til Konkurransetilsynet om fusjonar, oppkjøp og avtaler som fører til at dei overtek kontroll i andre selskap dersom dei involverte føretaka til saman omset for over 1 milliard kroner i Noreg årleg og den minste omset for over 100 millionar kroner. Vår oppgåve i alle fusjons- og oppkjøpssaker er å finne ut om oppkjøpet vil redusere konkurransen i marknaden og skade kundane gjennom for eksempel høgare priser og dårlegare tenester.


Konkurransetilsynet handsamar meir enn 100 meldingar om fusjonar og oppkjøp per år. Talet på meldingar var lågare enn vanleg i 2020, men i 2021 har Konkurransetilsynet fått inn mange fleire meldingar enn tidlegare år. Viktige saker i 2021: Konkurransetilsynet fekk medhald frå Konkurranselagenemnda i forbodet mot Schibsted si overtaking av Nettbil. Saka er anka inn for Gulåting lagmannsrett. Tilsynet vurderer per september 2021 om DNB kan kjøpe Sbanken. Bonnier Books trakk si føretakssamanslutning med Strawberry Publishing Norge etter at tilsynet varsla inngrep. Fusjonen mellom Altia og Arcus vart godkjend mot at partane sel merkevarer i fleire marknader for brennevin.



## Pådrivar for konkurranse

Konkurransetilsynet skal utvide konkurransearenaen og vise korleis forbrukarar og næringsliv tener på konkurranse. Dette gjer tilsynet mellom anna gjennom høyringar, påpekingar retta mot det offentlege, samt innlegg i samfunnsdebatten. I 2020 svarte tilsynet på 15 høyringar og fekk publisert 32 kronikkar, artiklar og innlegg. Tema som tilsynet har nemnt i kronikkar, høyringar og påpekingar omfattar mange problemstillingar og marknader.

Marknader som er påverka av digitalisering og daglegvaremarknaden er prioriterte områder. I 2021 undersøkte tilsynet mellom anna føretak si bruk av algoritmar, og oppfordra bedrifter til å vere merksam på at bruken av algoritmar også kan skade konkurransen og føre til høgare prisar til forbrukarar. I samarbeid med nordiske kollegaer har tilsynet òg gitt innspel i debatten om framtidige europeiske konkurransereglar i digitale marknader. I daglegvaremarknaden vurderer tilsynet tiltak som kan forbetre konkurransen.



## Samfunnsmessige effektar

Det overordna formålet med konkurranselovgevninga er å bidra til marknader som fungerer godt. Dette er viktig for eit land sin vekst og velstand. Det betyr ikkje at konkurranse er eit mål i seg sjølv, men eit verkemiddel for å oppnå effektiv ressursbruk til fordel for forbrukar, næringsliv og samfunnet elles. Studiar indikerer at auka seljarkonsentrasjon fører til auka prispåslag og redusert innovasjon.

Tal frå OECD viser at ulovleg samarbeid kan auke prisen med så mykje som 50 prosent. Dette er pengar som både forbrukarar og samfunnet taper. I tillegg til at både utval, kvalitet og innovasjon kan gå ned. Ei undersøking viser at 85 prosent av bedriftsleiarar meiner at Konkurransetilsynet sitt arbeid er veldig eller ganske viktig for å legge til rette for velfungerande marknader.

## Samfunnet si kontrollmekanisme

Konkurransetilsynet får offentlege midlar for å utføre samfunnsoppdraget sitt. Desse midlane skal kome heile samfunnet til gode gjennom handheving av konkurranselovera. .



SKATTEPENGAR



## Samfunnsoppdraget

Konkurransetilsynet skal fremje konkurranse som er til fordel for forbrukarar og næringsliv. Tilsynet si viktigaste oppgåve er å handheve konkurranselovera og å syte for at føretak ikkje samarbeider eller stenger konkurrentar ute på ein måte som avgrensar konkurransen.

## Verkemiddel

Tilsynet overvaker ulike marknader, hentar inn informasjon og utarbeidar analyserer om konkurransen i marknader.

Konkurransetilsynet grip inn i alle typar marknader der konkurransen ikkje fungerer eller når føretak bryt konkurranselovera. Tilsynet kan stoppe eller sette vilkår for oppkjøp eller fusjonar om dei fører til at konkurransen blir avgrensa. Konkurransetilsynet er synleg i den offentlege debatten og gjev rettleiing om konkurranselovera. Vi seier òg ifrå når reguleringar i ein marknad bør endrast for å sørge for at verksemdar kan konkurrere på betre vilkår.

## Marknadseffekt

Ei effektiv handheving av konkurranselovera gir tydeleg signal i marknaden om kva som er forventa av aktørane. Brot på konkurranselovgevneaden er alvorleg og kan føre til store gebyr, tap av omdøme og i verste fall fengselsstraff. Rettferdig og sunn konkurranse føreset at alle følger spelereglane. Politikarar og lovgivarar forstår korleis reguleringar kan fremje eller skade konkurransen, og kan ta omsyn til dette ved endringar i regelverket.



## Til det beste for deg og meg

Resultatet av Konkurransetilsynet sitt arbeid gjennom å gjere for god konkurranse i ulike marknader, gir deg og meg, og samfunnet elles eit betre utval, og betre produkt betenester til ein rimelegare pris.

## Tips oss

Det er forbode for føretak å samarbeide på ein måte som avgrensar konkurransen eller for eit føretak å utilbørleg utnytte si dominerande stilling. Å dele informasjon om prisar, dele marknad, kundar eller opp-drag er døme på ulovleg samarbeid. Det er òg forbode for ein dominerande aktør å utnytte si dominerande stilling. Konkurransetilsynet ønsker tips om ulovleg samarbeid eller misbruk av dominerande stilling – både frå privatpersonar, føretak og innkjøparar.

Alle tips blir vurdert. På bakgrunn av dette kan Konkurransetilsynet velje å setje i verk egne undersøkingar.

Tips kan sendast anonymt eller med namn. Konkurransetilsynet har teieplikt om identiteten til tipsaren. Teieplikta gjeld òg overfor partane i saka og representantane deira. Ved å opplyse om namn og kontakt-informasjon gir du tilsynet høvet til å kontakte deg for å få ytterlegare opplysningar, om naudsynt.

Bruk skjemaet på [konkurransetilsynet.no](http://konkurransetilsynet.no), eller kontakt Erling Espeskog eller Vidar Erichsen ved etterforskningsstaben i Konkurransetilsynet. Dei har særskilt trening i å handtere tips og anonym kontakt.



**Erling Espeskog,**  
**spesialrådgiver**

Mobil: +47 948 39 809  
E-post: [eres@kt.no](mailto:eres@kt.no)

## Søk om amnesti gjennom lempingsordninga

Dersom eit føretak har delteke eller deltek i eit ulovleg samarbeid og ønsker å bryte ut av dette, er amnesti gjennom lempingsordninga ein mogleg veg ut viss føretaket er det første som avslørar samarbeidet og bidreg i tilsynet si oppklaring av saka. Føretaket må då leggje alle korta på bordet, og dokumentere at det har skjedd eit lovbrøt. Føretaket vil då sleppe å betale gebyr.

Eit føretak som blir avslørt for å ha brote konkurranselova kan oppnå delvis lemping om føretaket samarbeider og legg alle korta på bordet. Med delvis lemping får ein redusert gebyr.

Å søkje lemping kan anten gjerast munnleg på telefon til Erling Espeskog eller Vidar Erichsen eller skriftleg via skjema på [konkurransetilsynet.no](http://konkurransetilsynet.no).



**Vidar Erichsen,**  
**seniorrådgiver**

Mobil: +47 911 29 409  
E-post: [vier@kt.no](mailto:vier@kt.no)





Foto: KLP

## KONKURRANSETILSYNET

Kontor i Zander Kaaes gate 7  
Postboks 439 Sentrum 5805  
Bergen

Telefon: 55 59 75 00 E-post:  
post@kt.no

[www.konkurransetilsynet.no](http://www.konkurransetilsynet.no)

Illustrasjoner: Alexander Slotten

Følg oss på:

